Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Folkelege musikkinstrument.

Oppskr. av: Harald Skavold

(adresse): Setså, Salten

Fylke: Nordland

Herad: Saltdal

Bygdelag: Setså

Gard: Sommervold

G.nr. 2 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det er ikkje mykje av interesse å nemne under dette emnet herifrå grenda, og så vidt eg veit, frå bygda elles. Det er no fela som er eller var det mest nytta instrumentet. Det var den vanlege fela, og kalla flatfele i motsetnad til hardingfela, venteleg, som er så kuven, endå den fela slett ikkje er kjend her. Tysk-fele har ho og vore kalla.

Dei fleste spela berre i yngre år. Eg trur det kom seg mykje av at fingrane vart ulaglege seinare, av slit og frost. Elles gjorde den religiöse innstilling seg sterkt gjeldande.

Eg lærde først spele på ei fele som eldste bror min gjorde. Det var heimgjort. Vi var ikkje eingong i stand til å stille henne. Vi vart samde om ein intervall millom strengene på 2½ tone mot det rette som er 3½. Då far kom heim, fekk vi da rett stilling, men då hadde eg lært meg å spele med den galne stillinga. Bror min som arbeidde fela, vart no ikkje nokko til å spele.

Han brukte visst bjørk i botnen og gran i lokket, og elles det han kom over.

858

Det vart sjølsagt ikkje noko flott instrument, men då far fekk vete at vi hadde arbeidd fele, kjøpte han ei barnefele, og dermed var den heimegjorte fela ute av spelet.

A og B.

1. Fela har vore kjend her lenge, men instrumenta vart alltid kjøpt. (Det var no heime i Tjøtta vi dreiv „instrumentmakring".) (Det orgelet eg har ståande her i stua, har kyrkjesongar Anton P. Fjordholm Tjøtta arbeidd.)

2. No er det ikkje fleire enn eg her som spelar fele. Det er trekkspelet som er instrumentet. Elles har det vore og er framleis lite musikk på denne kanten av bygda. Her er t. d. berre to orgel på ca. 300 menneskje.

C. Primitive instrument er ukjent.

D. Mellomalderlege musikkinstrument er og ukjent, når ein ikkje skulle rekne salmodikon med her. Han kjem kanskje under C. Det har vore ein gamal salmodikon på mørkloftet i gamle-stua her. Men det finst venteleg mange slike enno.

No har eg ikkje nemnt gitaren. Her då sjølsagt nokre.
Det kan kanskje ha si interesse å nemne at på Rognan, sentret i bygda er ~~horn~~ hornmusikk, og i mange heimar er der piano.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

858